



Adresseliste

5 MAR 2014

Vår dato:

Vår ref.: NVE 201000310-6 tbd/lag

Arkiv: 401

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Lars Grøttå

Damsikkerheit - informasjonsskriv 1 - 2014

Bakgrunnen for informasjonsskrivet er at NVE ynskjer å fokusera på enkelte tidsaktuelle tema og informere om status i høve til regelverket som gjeld sikkerheita ved vassdragsanlegg. Dette skrivet omhandlar ”veiledere” til damsikkerheitsforskrifta, litt om regelverksarbeid, informasjon om tilsynsarbeidet til NVE i 2013 og planar for 2014 samt FoU-aktivitetar.

Informasjonsskrivet rettar seg i første rekke mot personar med vassdragsteknisk ansvar, det vil seie leiar, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) og tilsynspersonell hjå anleggseigar og til NVE-godkjende fagansvarlege. Leiar har ansvaret for at informasjonsskrivet blir kjent for alt personell som arbeider med sikkerheits- og tilsynsoppgåver ved vassdragsanlegga.

Status ”Veiledere” ferdigstilte og under arbeid

I 2014 er følgjande rettleiarar ferdigstilte eller under arbeid i NVE. ”Veileder for melding om ulykke eller uønsket hendelse”, ”Veileder om klassifisering av vassdragsanlegg”, ”Veileder om overvåking og revurdering av vassdragsanlegg”, ”Veileder om sikringstiltak ved vassdragsanlegg”. I tillegg har NVE målsetning om å starta arbeidet med å revidera rettleiaren for betongdammar og rettleiaren for laster.

”Veileder for melding om ulykke eller uønsket hendelse” er ein ny rettleiar gjort gjeldande frå februar 2014. Han klargjer innhaldet i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) § 7-11. Han angir når og korleis melding om ulykker eller uønska hending ved vassdragsanlegg skal verte gitt til NVE, og nærmare om innhaldet i etterfylgjande utgreiing om ulykka eller hendinga. Rettleiaren gjeld for vassdragsanlegg i konsekvensklasse 0 – 4. Når det gjeld personulykker gjeld meldeplikta ulykker eller uønska hendingar ved vassdragsanlegg som rammar tredjeperson. Anleggseigar sine eigne tilsette eller personar som er på anlegget i samband med arbeid vert ikkje omfatta av rettleiaren. For desse er det arbeidsmiljølova sine reglar som gjeld. NVE vil likevel gjerne også bli gjort kjend med slike hendingar, for eksempel ved kopi av melding som går til Arbeidstilsynet. Rettleiaren vil også koma i nynorsk utgåve.

”Veileder om klassifisering av vassdragsanlegg” til damsikkerheitsforskrifta kapittel 4, er ein ny rettleiar under arbeid. Høyring er gjennomført og den vil verte ferdigstilt til påske 2014. Eit forhold som har vore diskutert er kva som skal vera situasjonen i vassdraget ved vurdering av konsekvensklassen til ein

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

dam. Damsikkerheitsforskrifta med OED sine merknadar gir klare føringar om at det skal reknast på to initialvassføringar (Qm og Qdim) ved DBBB for klassifisering, sjå § 4-3 første ledd og merknaden til denne. Sjå også § 4-3 tredje ledd, som mellom anna kan bli sett i samanheng med brotvassføring frå fyllingsdammar der forskjellen på vassføringa pga. røyrerosjon og overtopping (Froehlichs formlar) er stor.

NVE beklagar at vi tidlegare har signalisert at vi vurderte å gå inn for éi initialvassføring (Qm) ved klassifisering. Etter § 7-3 skal det uansett utførast DBBB med to initialvassføringar for alle dammar i konsekvensklassene 2, 3 og 4.

”Veileder om overvåking og revurdering av vassdragsanlegg” omhandlar krav i damsikkerheitsforskrifta §§ 7-2 og 7-5. Han vil ha tre hovudinndelingar, interntilsyn, instrumentering/måling og revurdering. NVE har etablert samarbeid med bransjen og har som målsetting å gjennomføra høyring og ferdigstilla rettleiarene i løpet av 2014. NVE vil kontakta eit utval av personar hjå dameigarar og fagansvarlege for ytterlegare innspel i arbeidet fram mot høyring.

”Veileder om sikringstiltak ved vassdragsanlegg” omhandlar krav i damsikkerheitsforskrifta § 7-6 og har vore arbeidd med over lengre tid. Enno gjenstår noko arbeid, men NVE har som målsetting å ferdigstilla rettleiarene i løpet av 2014.

I ein del tilfelle er det i planmaterialet NVE får til handsaming vist til utgått regelverk. Derfor minner vi om heimesida til NVE: nve.no > Sikkerhet, tilsyn og beredskap > Damsikkerheit > Regelverk

Her vil ein til ei kvar tid finna oppdatert regelverk.

Tilsynsaktivitet 2013 – vedtak, inspeksjonar, revisjonar

Storparten av tilsynet i 2013 gjaldt kontroll av interntilsyn hos eigarar av vassdragsanlegg i høg konsekvensklasse, og dessutan småkrafteigarar med ansvar for mange vassdragsanlegg. Det er gjennomført revisjon av 15 verksemder, 268 inspeksjonar av dammar og 31 inspeksjonar av vassvegar under bygging, ombygging og drift. 2013 var tredje året med obligatorisk innrapportering om organisasjon og utført interntilsyn frå 430 av i alt 500 registrerte eigarar av klassifiserte vassdragsanlegg. Dei resterande har ikkje anlegg i drift.

Frå den obligatoriske innrapporteringa resulterte forseinka eller manglande innrapportering i mange avvik og reaksjonar. Det innrapporterte materialet avdekkar ei rekke avvik knytte til personell og overvakning, men som så langt ikkje er endeleg oppsummert.

I alt har damtilsynet sitt arbeid med kontroll og revisjonar resultert i 772 enkeltvedtak i form av godkjenningar eller avslag på søknader, pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt.

Frå kontrollen og tilsynet er det gitt totalt, inklusiv frå obligatorisk innrapportering, 125 varsel om tvangsmulkt og 26 vedtak om tvangsmulkt. Dette er temmeleg stabilt samanlikna med 2012, men ein markert betring sidan 2011 med 208 varsel og 55 vedtak.

VTA - godkjenning

I 2013 er det gjort vedtak om godkjenning av VTA for 73 konkrete anlegg. Det er ein auke frå 42 i 2012. Årsaka til auken kan skuldast fleire forhold eksempelvis at nye småkraftverk krev VTA, utskifting av VTaar pga. pensjonering og at innrapporteringa har avdekkta manglar. I 49 av tilfella er VTA godkjend ved innleige.

Enno manglar det VTA for 241 anlegg, 15 av desse anlegga er i klasse 3 og 4. Når det gjeld aldersfordeling er hovudtyngda av dei godkjende VTAane over 50 år, 31% er over 60 år. Dette viser at det enno er behov for å ha fokus på utdanning og rekrutteringstiltak.

NVE sine planar for tilsyn med damsikkerheit i 2014

I 2014 planlegg damtilsynet revisjon av 15 verksemder. Det vil bli prioritert eigarar med anlegg i klasse 3 og 4. Når det gjeld inspeksjonar vil omfanget bli omtrent som i 2013.

Den årlege innrapporteringa med frist 1. mars vil utgå i 2014 fordi det er nødvendig å gjera data tekniske utbetringar hjå NVE. NVE vil ha fokus på gjennomgang av det som er innrapportert tidlegare år, med særleg fokus på oppfølging av manglar hjå klasse 3 og 4 eigarar.

Damdatabase SIV, som dameigarane for sine vassdraganlegg har fått tilgang til, er eit nyttig verktøy for NVE i sitt tilsynsarbeid. Med etterhald om manglande og feil registrering viser statistikk frå damdatabase SIV at når det gjeld klassifisering, dambrotbølgjeberekningar (DBBB), flaumberekningar og revurderinga er det fylgjande manglar . Manglande er oppgitt i %

Konsekvensklasse	Dammar utan gyldig vedtak om konsekvensklasse	NVE ikkje motteke DBBB	Dammar som manglar gyldig flaumberekning	Dammar utan godkjend revurdering
0	20 %			
1	60 %		25 %	75 %
2	35 %	55 %	15 %	60 %
3	25 %	20 %	5 %	45 %
4		5 %		25 %

Når det gjeld vassvegar er tala for gyldige vedtak om konsekvensklasse betre, men fleire av vassvegane til eldre større kraftverk er enno ikkje klassifisert.

Fristen for at anlegga skal ha eit gyldig vedtak om konsekvensklasse er etter damsikkerheitsforskrifta 1.1.2015. Eit vedtak om konsekvensklasse er enten gitt etter klassifiseringsforskrifta frå 2001, og er gyldig dersom ikkje klassen er uriktig etter den nye damsikkerheitsforskrifta, eller etter damsikkerheitsforskrifta frå 2010. Det er derfor viktig at eigarane av anlegg som ikkje har gyldig vedtak om konsekvensklasse prioriterer dette no. Eit gyldig klassevedtak er avgjerande å ha på plass før ein utfører flaumberekningar og revurdering. Det er også avgjerande for krava ellers som skal stillast.

Statistikken viser også at enno har NVE ikkje motteke dambrotbølgjeberekningar frå mange dammar, også i konsekvensklasse 3 og 4. Vi minner om tilbakemeldinga dameigarane tidlegare har gitt NVE om tidsplan for gjennomføring av desse berekningane. I fylgje den skulle alle dambrotbølgjeberekningar vere ferdigstilt i løpet av 2010.

Før ein gjennomfører revurdering av ein dam må ein ha gyldig vedtak om konsekvensklasse og gyldige flaumberekningar. Kravet om gjennomføring av revurdering vart forskriftsfesta i damsikkerheits-

forskrifta frå 2001, og kravet om revurdering kvart 15 år for anlegg i konsekvensklasse 2-4 og 20 år for konsekvensklasse 1 vart heimla i forskrifta frå 2010. Statistikken ovanfor viser at enno er det svært mange dammar som enno ikkje er revurdert eller har godkjend revurdering. Ein del av forklaringa kan vera at nokre revurderingar er sendt NVE, men ikkje enno er handsama, nokre revurderingar er utførde men ikkje oversendt NVE. Dette vil NVE sjå nærmare på.

NVE vil generelt setja meir fokus på tilsyn med dammar og eigarar av desse i konsekvensklasse 3 og 4. Det gjeld og dei omtalte manglane ovanfor og vi ber om at dameigarane i utgangspunktet prioriterer slik. Når det gjeld klassifisering og revurdering minner vi eigarane av platedammar om det som tidlegare er sagt, at desse skal ha høg prioritet både når det gjeld klassifisering og gjennomføring av revurdering.

Evaluering av damtilsynet

OED har sett i gang evaluering av damtilsynet. Ein open anbodskonkurranse blei utlyst hausten 2013. Norconsult AS vann konkurransen og arbeidet er nettopp starta. Ein rapport skal vera klar innan sommaren. OED har presisert at forskrifta ikkje er gjenstand for evaluering, krava der ligg fast, men NVE si oppfølging av regelverket skal evaluerast.

Evalueringa skal i sine konklusjonar gi svar på følgjande konkrete spørsmål:

- Har NVE innrett damsikkerheitsarbeidet hensiktsmessig?
- Får Noreg god nok damsikkerheit for ressursane som blir nytta i NVE?
- Prioriterer NVE ressursane riktig innan damsikkerheitsarbeidet?
- Er NVE sitt konsept for tilnærming til damsikkerheit fornuftig og godt grunngitt?


NVE si rolle i dette er å svara på spørsmål ein vert stilt, framskaffa etterspurt dokumentasjon. Elles har ikkje NVE noko rolle i evalueringa.

Med helsing



Ingunn Åsgard Bendiksen

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør



Lars Grøttå

Lars Grøttå
seksjonssjef

Kopi: OED, Energi Norge,